



Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/10058-1

Dato
21.01.2014

Skulehelsetenesta og fråfall.

I Opplærings- og helseutvalet 12.11.2013 kom det opp spørsmål om ein kunne sjå på eventuelle samanhengar mellom dekningsgrad for skulehelsetenesta på dei vidaregåande skulane i Hordaland og tal på fråfall.

Det vart utført ein korrelasjonsanalyse mellom dekningsgraden på skulehelsetenesta og desse variablane: tal på sluttarar, tal på stryk, fråvær (dagar og timar), termin- og standpunktkarakter og tal på dei som ikkje fekk fyrsteønskje ved inntak. Det vart ikkje funne nokon signifikant samheng.

Fråfall er eit komplekst område der svært mange variablar spelar inn. Det betyr ikkje at skulehelsetenesta ikkje kan vera ein viktig arena når det gjeld det å redusera fråfall, men at samspelet mellom feilval, sosial bakgrunn, heimlege tilhøve, psykososiale problem og rus er eit utfordrande område.

Viser vidare til Tilstandsrapporten 2012/13 under *Auka læringsutbytta og fullføring* for meir utfyllande informasjon om fylket sitt arbeid med fråfall.